

## PÅMELDINGSSKJEMA HUSFLIDSTEVLINGA 2018

*NAMN:	
*ADRESSE:	*POSTSTAD:
*TELEFON:	*E-POST:

NAMN (på evt. medprodusent):	
ADRESSE:	POSTSTAD:
TELEFON:	E-POST:

\*Alle felt merka med raud stjerne MÅ fyllast ut

KATEGORI	*KLASSER - set kryss til høgre for rett klasse					
Tre	Rekrutt	Handverk	Formgjeving			Open klasse
Tekstil	Rekrutt	Handverk	Formgjeving	Trad. tekstil		Open klasse
Sylv	Rekrutt	Handverk	Formgjeving			Open klasse
Rosemåling	Rekrutt	Trad.rosemåling	Lasering/dekormål.			Open klasse
Smiing	Rekrutt	Eggverktøy/verktøy	Kunstsm./eksp.form			Open klasse
Kniv	Rekrutt	Brukskniv	Staskniv			Open klasse

OPPLYSNINGAR OM ARBEIDET - fyll ut så mykje som mogleg		
*TYPE GJENSTAND	*PRODUKSJONSÅR	*Prisanslag
*MATERIALLISTE	*TEKNIKKAR - evt. bruk av maskiner skal nemnast	
KORT ARBEIDSBESKRIVELSE (bruk gjerne eige ark)	EVT. ANDRE OPPLYSNINGAR	
*SKAL ARBEIDET HENTAST ELLER SENDAST TILBAKE (sett kryss til høgre for rett alternativ):	Hentast	Sendast

PÅMELDINGS- OG INNLEVERINGSFRIST 24. AUGUST 2018

# HUSFLIDSTEVLINGA DYRSKU'N 2018

Det må fyllast ut eitt skjema pr. produkt. Eit godt og korrekt utfyllt skjema vil gje grunnlag for ein best mogleg vurdering av arbeidet ditt. Vær difor vennleg og fyll ut så mange opplysingar som mogleg.

## NAMN OG ADRESSE

Ver nøye med at alle opplysingane er korrekte og at du fører på ei evt. e-postadresse. Skriv tydeleg!

Det er og eit eige felt med dei same opplysningane for ein evt. medprodusent. Begge produsentar vil då vere påmelde og likestilte under dømninga.

## KATEGORAR MED KLASSER OG UNDERGRUPPER

Verdt å merke seg:

- *Rekruttklassene* er for elevar, studentar, lærlingar og elles andre som er i ein læresituasjon.
- I *kategorien for tekstil* er det lagt til ei ny klasse som heiter *tradisjonstekstil*. Denne klassa er for t.d. bunader, flate tekstiler, kopiar av museumsgjenstandar og andre tradisjonelle tekstiler. I denne klassa må dokumentasjon leverast.
- Det er og oppretta ei *open klasse* i alle kategoriar. Denne klassa er for dei produkta som ikkje passar inn i dei andre klassene.
- Klassa *lasering/dekormåling* i kategorien for *rosemåling* er for dei meir utradisjonelle arbeida innan rosemåling, og nytenking og samtid er gode stikkord.
- I kategorien *smiing* skal det sendast inn knivblad til knekking.

## TRE

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, open klasse

Undergrupper: Treskjering, dreining, møbel, andre teknikkar (lagging, sveiping, neverarbeid, el.l.)

## TEKSTIL

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, tradisjonstekstil, open klasse

Undergrupper: Maskearbeid, toving, brodering, vev, saum, bunad, eksperimentell form

## SYLV

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, open klasse

Undergrupper: Filigransarbeid, graving, smiing/korpus, smykke, eksperimentell form

## ROSEMÅLING

Klasser: Rekrutt, rosemåling, lasering/dekormåling, open klasse

Undergrupper: Møblar, pyntegjenstandar, bruksgjenstandar, el.l. dekorert med utgangspunkt i rosemåling.

## SMIING

Klasser: Rekrutt, eggverky/verky, kunstsmiing/eksperimentell form, open klasse

Undergrupper: Verky, eggverky, brukskunst, skulpturar, el.l.

## KNIV

Klasser: Rekrutt, brukskniv, staskniv, open klasse

Ingen undergrupper.

Vurderingsskjemaene som dommarane brukar under dømning er utforma og tilpassa klassa det vert stilt i. I formgjevingsklassa vil t.d. form/komposisjon bli vektlagt høgare enn i handverksklassa.

Motsett vil teknisk utføring bli vektlagt høgare i handverksklassa enn i formgjeving. Utøvar vel sjølv kva klasse produktet skal stillast i, men enkelte kriterier forelegg:

- I klassa for formgjeving må utøvaren ha vore med i prosessen frå idé til ferdig arbeid. Dette kan dokumenterast gjennom skisser, foto, utprøvingar, m.m.
- I klassene for handverk er det ikkje sett krav til at utøvaren skal ha komponert mønsteret/malen til arbeidet sjølv.

Vi gjer og merksame på at dommarane i sjeldne tilfelle har høve til å flytte gjenstandar frå ei klasse til ei anna under dømning, dersom dette kjem deltakaren til gode.

## OPPLYSNINGAR OM ARBEIDET

Merk at arbeid som vert meldt på i tevlinga kan ha vore stilt ut før, men ikkje i ei premiært tevling eller utstilling.

**TYPE GJENSTAND:** Til dømes staskniv, vevd løpar, el.l.

**PRODUKSJONSÅR:** Arbeidet må vere utført og ferdigstilt i løpet av åra 2016 - 2018.

**PRISANSLAG:** Arbeida som vert levera inn til tevlinga er ikkje forsikra gjennom Dyrsku'n Arrangement AS. I postgangen er arbeida forsikra gjennom Posten. Eit prisanslag på arbeidet er likevel viktig både for postgangen sin del og dersom det er interesse for arbeidet ditt frå publikum.

**MATERIALLISTE:** Gje ei fullstendig liste over dei materiala som er nytta i arbeidet ditt.

**TEKNIKKAR:** Forklar kva for teknikk/teknikkar arbeidet er laga i. Døme: broderi, vev, dreining, smiing, m.m. Dersom særskilde teknikkar er bruka, bør desse nemnast. Dersom det er gjort bruk av maskinelt verkty skal dette og nemnast.

**KORT ARBEIDSBESKRIVELSE:** Gje ein kort beskrivelse av arbeidsprosessen din. Dersom det er behov må du gjerne bruke baksida av skjemaet eller eit eige ark.

**EVT. ANDRE OPPLYSNINGAR:** Skriv inn utfyllande opplysningar om arbeidet som kan vere til hjelp for dommarane. Bruk baksida av skjemaet eller eige ark om naudsynt. I både handverks- og formgjevings-klassene legg du fram kva mønster som er nytta for arbeidet.

Dersom andre har vore involverte i prosessen og ferdigstillinga av produktet, skal dette nemnast.

**SKAL ARBEIDET HENTAST/SENDAST:** Skriv om arbeidet vert henta eller om det skal sendast. Større arbeid må hentast. Arbeid som ikkje vert henta vil bli sendt som Norgespakke i posten.

Tidspunkt for henting: søndag 16. september kl. 17.00 - 20.00

måndag 17. september og tysdag 18. september - begge dagar mellom kl. 09.00 - 16.00

**Vi ynskjer og å gjere deltakarar merksame på at produkta ikkje tevlar direkte mot kvarandre. Ved dømning av produkta kan det likevel oppstå eit element av samanlikning med hensyn til nivå på premiegrad.**

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Dyrsku'n Arrangement AS :

Eva K. Flatin

Fagkonsulent husflid

tlf.: 906 07 875

[husflid@dyrskun.no](mailto:husflid@dyrskun.no)

Norges Husflidslag:

Linda Thiis

Husflidskonsulent Buskerud

tlf.: 412 87 169

[buskerud@husflid.no](mailto:buskerud@husflid.no)